



NVE

UNO-X MOBILITY NORGE AS
Postboks 6470 ETTERSTAD
0605 OSLO

Vår dato: 08.05.2026

Vår ref.: 202602701-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE har gjeve løyve til nettstasjon for ladeanlegg ved Uno-X Sande Truck i Sunnfjord kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gjeve Uno-X Mobility Norge AS (frå no av Uno-X) løyve for å byggje, eige og drive ein nettstasjon med tilhøyrande transformator for ladestasjon for elektriske køyretøy ved Uno-X Sande Truck i Sunnfjord kommune. Vedlagt følger NVE sitt løyve av i dag, NVE ref. 202602701-7. Dokumenta finst òg på www.nve.no/25974/A.

Klagerett

Dette vedtaket kan klagast på, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klager vil bli sendt Uno-X til uttale før saka leggst fram for Energidepartementet.

Søknaden

Uno-X søkte 10. februar 2026 om løyve for å byggje, eige og drive ein nettstasjon med tilhøyrande transformator ved Uno-X Sande Truck i Sunnfjord kommune i Vestland. Nettstasjonen blir bygd med ein transformator med omsetning på 22/0,48 kV og yting 2 MVA og skal koplast til høgspenning frå områdekonsesjonær BKK. Anlegget skal forsyne Uno-X sitt ladeanlegget for elektriske køyretøy.

Uno-X skriv i søknaden at den tekniske løysing som er valt vil redusere arealbruk og utbyggningskostandar og være betre estetisk og for miljøet enn alternativa.

Figur 1, 2 og 3 viser plassering av nettstasjon på Skyttarvegen 5, 6973 Sande, gnr. 185, bnr. 9 i Sunnfjord kommune.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:


www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971




NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat



Figur 1: Raud markør viser plassering av stasjonen i Sande. Kjelde: Uno-X sin konsesjonssøknad.



Figur 2: Raud markør viser plassering av stasjonen. Kjelde: Uno-X sin konsesjonssøknad.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat



Figur 3: Lilla farge markerer plassering av anlegget. Kjelde: Uno-X sin konsesjonssøknad.

Utførte forarbeid

Områdekonsesjonær BKK har vurdert at tiltaket er driftsmessig forsvarleg og Uno-X har komme til semje med BKK om den tekniske utforminga av anlegget. Uno-X inngjekk 22. september 2025 ein anleggsbidragsavtale med BKK for nødvendige tiltak i lokalt distribusjonsnett, og BKK har stadfesta at tiltaket med dette er driftsmessig forsvarleg.

Uno-X har hatt dialog med Sunnfjord kommune, som i e-post av 12. februar 2025 stadfesta at dei vurderer anlegget unnateke byggjesakshandsaming.

Grunneigar har stadfesta til Uno-X i e-post av 7. mai 2025 at anlegget kan etablerast på gnr. 185, bnr. 9 i Sunnfjord kommune.

NVE si handsaming og vurdering av søknaden

NVE fant det ikkje naudsynt å sende søknaden på offentleg høyring på grunn av saka si avgrensa omfang, jf. energilova § 2-2, og at tiltaket er avklart med områdekonsesjonær, grunneigar og kommunen.

Konsesjonshandsaming etter energilova inneber ei konkret vurdering av dei fordeler og ulemper tiltaket har for samfunnet som heilskap. NVE gir konsesjon til anlegg som kan sjåast som samfunnsmessig rasjonelle. Det vil seie at dei positive konsekvensane av tiltaket må være større enn dei negative. Vurderinga av om det skal gis løyve til eit tiltak er ei fagleg skjønnsvurdering.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Verknader for allmenne og private interesser

NVE vurderer at tiltaket ikkje har vesentlege negative verknader for allmenne eller private interesser. Naturmangfoldloven § 7 krev at NVE legg til grunn prinsippa i naturmangfoldloven §§ 8 til 12 når vi vurderer om det kan givast løyve til tiltaket. Nettstasjonen vil plasserast ved eit opparbeidd parkeringsområde i tilknytning til Uno-X Sande Truck. I denne saka vurderer derfor NVE at tiltaket ikkje har verknader for naturmangfold.

Naturfare

NVEs karttjeneste, NVE Atlas, viser at tiltaket er plassert utanfor aktsemdsområde for kvikkleireskred og utanfor flaumsoner, og vi vurderer at det ikkje er nødvendig med tiltak. NVE opplyser likevel om at tiltakshavar er ansvarleg for å sørgje for effektiv sikring og beredskap og for at bygging av anlegget blir planlagd og gjennomført med tilstrekkeleg tryggleik mot naturfare jf. energilovforskriften § 3-5 og § 3-7. Vidare pliktar tiltakshavar å gjennomføre tiltak for å førebyggje og avgrense verknaden av ekstraordinære situasjonar. Dette følgjer av energilova § 9-2.

Leveringsplikt

Normalt skal områdekonsesjonær levere på lågspent tilkopling til forbrukskundane i sitt område, med mindre det er gode tekniske grunnar til det motsette. NVE meiner likevel at det i denne saka er akseptabelt at Uno-X eig dei elektriske anlegga sjølv, og får konsesjon. Same vurdering er lagd til grunn av NVE i liknande saker tidlegare. Dette er grunngjeve med at 0,48 kV per i dag er eit så uvanleg spenningsnivå at det ikkje kan ventast at ein områdekonsesjonær skal levere dette. Dersom NVE ser at 0,48 kV byrjar å bli eit vanleg spenningsnivå i det norske nettet, kan vi vurdere det annleis i framtidige saker. NVE vurderer derfor at det er formålstenleg at Uno-X sjølv byggjer og driv eiga transformering til 0,48 kV. I samsvar med NVEs praksis er dei elektriske anlegga på nedsida av transformatoren å rekne som ladeanlegg, som ikkje krev konsesjon etter energilova.

Konklusjon

NVE meiner at fordelane ved tiltaket er større enn ulempene. NVE gir derfor Uno-X Mobility AS løyve etter energilova for å byggje, eige og drive nettstasjon for ladeanlegg ved Uno-X Truck i Sunnfjord kommune. Løyvet gis i anleggskonsesjonen, NVE-ref. 202602701-7.

Orientering av grunneigarar/rettshavarar og grannar

NVE ber om at dette brevet så snart som mogleg blir sendt til grunneigarar/rettshavarar. NVE ber Uno-X stadfeste utsendinga av brevet med opplysning om dato for utsendinga.

Om byggesakshandsaming

Anlegg for overføring og omforming av elektrisk energi er unnateke frå handsaming etter plan og bygningsloven, jf. pbl. §1-3. Bygg som er direkte knytt til den daglege drifta av energianlegg skal difor ikkje byggjesakshandsamast. NVE meiner det aktuelle bygget fell inn under unntaket i § 1-3, og det skal difor ikkje byggjesakshandsamast av kommunen. Aktuelle bygg skal likevel utformast i tråd med relevante krav i forskrift om tekniske krav til byggverk (FOR 2017-06-19-840). Konsesjonæren er ansvarleg for at forskrifta sine krav vert følgt.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med helsing

Tor Carlsen

fagleiar

Kamilla Lein Kjølberg

seniorrådgivar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

UNO-X MOBILITY NORGE AS

Kopimottakarliste:

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest

TELENOR NORGE AS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

SUNNFJORD KOMMUNE

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

UNO-X MOBILITY NORGE AS - Håkon Pettersen

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.